

Førde, 19.05.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Paulen kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 17.01.2014 og til sakspapira som vi har lasta ned via nettet. Fråsegnen vår er basert på søknaden med vedlegg, samtaler med lokalkjende, eigen kunnskap, og informasjon henta via nettet. På grunn av at svært mange saker er på høyring samstundes, har vi sett oss nøydd til å forenkle fråsegnene våre ein del. Vi vurderer ikkje biologisk mangfald i nemneverdig grad, og konsentrerer oss om å omtale friluftsliv, landskap og utbyggingsløyser.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Paulen kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Som det går fram av søknaden, er det tilrettelagt for lågterskel friluftsliv rundt vatnet. At det i eit område prega av bratte fjell også er tilgang til eit område som er lett tilgjengeleg og som er lett å gå for dei aller, aller fleste nesten uansett alder, har stor verdi. At naturen er trolsk og vakker, at det er fin fisk i vatnet, og at opplevingsverdien vert auka av eit rikt fugleliv i/ved vatnet er også positivt! Området rundt vatnet er tydeleg velegna for mellom anna barnefamiliar. Sjølv om området er lite, har det likevel stor verdi for lågterskel friluftsliv!

Underskrivne sakshandsamar har ikkje kjennskap til at Turlaget har hatt aktivitetar i/ved utbyggingsområdet, men området er truleg godt eigna for lette turar med Barnas Turlag.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei maksimal slukevne på ca. 195% av middelvassføringa, er innanfor det som er vanleg for småkraftverk i dag. Slepping av minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar og vinter er også OK, ut frå det som er vanleg i dag.

2.2.3 Reguleringsmagasin: Vi er svært kritiske til at Paulsvatnet skal brukast som reguleringsmagasin, sjølv om vasstandsvariasjonen berre vert 1 m. Slik vi (under litt tvil) tolkar punkt 2.2.7 skal kraftverket ved det ein kan kalle vanlege vassføringar, d.v.s. opptil maksimal slukevne for kraftstasjonen, køyrast slik at vasstanden i Paulsvatnet vert liggande på LRV. Først viss vassføringa overstig maksimal slukevne i kraftstasjonen + minstevassføringa, vil vasstanden i Paulsvatnet bli høgre enn LRV. Viss denne tolkinga er rett, **vil det bety ei ganske kraftig gjennomsnittleg endring (senking) av vasstanden i Paulsvatnet som så vidt vi kan sjå, ikkje er konsekvensutgreidd!**



Ettersom det rundt delar av vatnet er svært grunt, vil konsekvensane bli at det i desse områda vanlegvis blir enda grunnare, bortsett når det er flaum. Dette kan resultere i følgjande:

- Dårlegare mattilgang for fisk i dei grunne områda.
- Dårlegare mattilgang for vadefuglar i dei grunne områda.
- Auka fare for gjengroing i dei grunne områda.
- Sannsynlegvis andre negative konsekvensar.

Vi presiserer at vi ikkje er på nokon måte er ekspertar på kva konsekvensane av regulering av Paulsvatnet kombinert med bestemte ulike slags køyremønster for kraftstasjonen vil bli. Men slik vi tolkar den planlagde kombinasjonen, vil konsekvensane kunne bli ganske betydeleg negative fordi vatnet har så mange grunne parti. **Vi oppmodar NVE sterkt om enten å krevje tilleggsutgreiing av konsekvensane, eller å bruke eigen intern kompetanse til å vurdere desse spørsmåla!**

Vårt primære ønskje er likevel at all regulering av Paulsvatnet vert sløyfa, og at inntaket vert lagt i elva nedstrøms vatnet og med damtoppen liggande så lågt at vasstanden i Paulsvatnet ikkje vert påverka.

2.2.4 Inntak: Som det går fram av punktet ovanfor, ønskjer vi at inntaket vert lagt i elva nedstrøms Paulsvatnet, og med toppen av dammen så lågt at vasstanden i Paulsvatnet ikkje vert påverka. Vi ber også både utbyggaren og NVE om å vurdere om det her kan ligge til rette for ein annan type inntak enn den tradisjonelle, til dømes eit Tyrolerinntak. Det vi tenkjer på, er eit inntak som gjer det lettare for fisk å passere inntaket. Men dessverre har vi for lite kunnskap til å kunne seie om ein slik type inntak vil kunne passe for denne konkrete utbygginga. Kanskje er andre passasjetiltak for fisk betre?

2.2.5 Vassveg: Vi har ingen spesielle merknader til plasseringa av røyrgatetraseen, men vi er litt urolege for korleis det vil sjå ut på den strekninga der elvebreidda skal plastrast. Vil det sjå ut som om elva er kanalisert?

2.2.6 Kraftstasjonen: Vi har ingen konkrete merknadar til plasseringa og utforminga av kraftstasjonen. Men vi ber NVE vurdere om det er trong for installering av omløpsventil.

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket: Det som står i dette punktet verkar dessverre forvirrande for oss. Vi finn ingen samanheng mellom dei tala som står i dette punktet og dei tala som står i punkt 2.1 Hovuddata i søknaden. Er det brukt feil tal i punkt 2.2.7? Elles viser vi til det vi har skrive i kommentarane våre til punkt 2.2.3 ovanfor.

2.2.8 Vegbygging: Ingen spesielle merknadar.

2.2.10 Nettilknytning: Ingen merknadar. Jordkabel er bra!

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.5, 3.6, 3.7 og 3.10: Vi har ikkje hatt tid til å vurdere desse punkta i særleg grad, og håpar at andre høyringsinstansar – og NVE – gjer det. Men ut frå det som står i konsesjonssøknaden med vedlegg, er det ganske betydelege konflikhtar. Og for oss ser det ut som det er andre konflikhtar i tillegg som ikkje er utgreidde, sjå kommentarane våre til punkt 2.2.3 **Reguleringsmagasin** lenger framme i fråsegna! Viss NVE skulle gje konsesjon til eit inntak direkte i vatnet, sjå Figur 10 i søknaden, er det viktig å passe på at inntaket ikkje blir ”ei felle” for oter og fisk!

3.9 Landskap og INON: Det vil vere ein klår fordel for landskap viss Paulsvatnet ikkje vert regulert

3.10 Kulturminne og kulturmiljø: Vi går ut frå at "Den Trondhjemske Postvei" ikkje vert påverka av utbygginga. Det ville i så fall vere ille, og uakseptabelt!

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv på side 1 i fråsegna. Det vil etter vårt syn vere ein klår fordel for naturopplevinga ved turar rundt vatnet viss det **ikkje** vert regulert!

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vi må vere så ærlege å seie at vi ikkje akkurat "ser med begeistring" på denne utbygginga. Men under føresetnad av at reguleringa av Paulsvatnet vert sløyfa, meiner vi likevel at utbygginga er akseptabel sett frå vår synsstad.

Ut frå våre interesser og vår aktivitet, er det dessutan fleire av dei andre av utbyggingane i "Jølsterpakken" som er klårt meir kontroversielle enn denne. Det skulle gå rimeleg greitt fram av fråsegnene våre om dei ulike utbyggingane.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)